LØYVE TIL MOTORFERDSLE ETTER VERNEREGLANE FOR HARDANGERVIDDA NASJONALPARK M.M.
2021 - 2024

Etter søknad av 27.12.2020 og etter vedtak i Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark 22.10.2020, sak 24/20 får:

Namn:	**Kristen Seim**
Adresse:	**Seimsvegen 15**
Poststad:	**5760 RØLDAL**

med dette løyve til motorferdsle med snøskuter etter vernereglane for Hardangervidda nasjonalpark.

Tilsynsutvalet i Vestland har laga eit kart med hovudløypenett for motorferdsel på snødekt mark. Link til kart: https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/?urlid=3495ea32-547e-4a1b-851b-8c8250ac85b0

Transportane skal fylgja ei beskrive hovudløype, og vidare etter kortast mogeleg trase mellom hovudløype og målet for transporten.

Løyvet gjeld frå Bråstøl- via Valldalen- vidare etter hovud-skuterløype nr. 1 via Middalen- Langevotna- fram til Helleiksbu i Hellevass.

evnt. frå evnt. frå Peparstein- etter hovud-skuterløypenr. 1 a via Nupstjørn- Skurevatnet- Øvre Hellevatn- fram til Helleiksbu i Hellevass.

Løyvet gjeld inntil 2 turar/retur årleg i tidsrommet 01. desember til fyrste sundag etter 01. mai i åra 2020 - 2024.

Løyvehavar sine turar kan utførast av løyvehavar sjølv, eller den løyvehavar peikar ut.
Dette løyvet skal alltid vera med under transporten, og det skal visast til oppsynet når dette vert krevd.

Løyvet gjeld transport av varer og utstyr for tilsyn og vedlikehald av hytta, i samsvar med pkt. 4.6.3.5.a i vernereglane, og etter reglane i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag §5 bokstav c.

Merknader/særskilde vilkår:

- Løyvehavar pliktar å sjekke mobilen om det er sendt ut informasjon om evnt. stenging av løyper før avreise. Løyvehavar pliktar å informere sine førarar om dette.
- Motorferdsel utanom gjeve føremål og stad er forbode.
- Det er ikkje forbode å avvike løypetraseen når dette er grunngjeve i sikkerheit og framkomelegheit.
- Det må takast omsyn til viltet i området, og tilsynsutvalet kan gje pålegg om å nytta endra transportrute eller å utsetje transporten av omsyn til villrein, eller andre omsyn til naturen.
- Dersom ein under transporten treffer på ein reinsflokk pliktar ein å stoppa og venta til dyra har trekt unna, eventuelt leggja om køyreruta.
- Dette løyvet gjeld ikkje retten grunneigar og brukar måtte ha til å stoppe eller avgrensa motorferdsel på sin eigedom etter gjeldande rettsreglar, jfr. motorferdsellova § 10.
- Snøskuter skal ha slede.
- Rapporteringsskjema til løyvet skal fyllast ut før tur og før retur.
- Tilsynsutvalet kan til ei kvar tid trekkja attende motorferdselløyvet om lov eller forskrift vert endra, eller vilkåra for løyvet ikkje vert overhelde.

NB! Sjå baksida av løyvet.

Førar av køyretyet skal underteikne på vedlagte rapporteringsskjema før tur og retur. Turen er ikkje å rekne som utført i samsvar med føresetnadene dersom dette ikkje er gjort. Brot på reglane i løyvet kan føra til gebyr/påtale ved eventuell kontroll.

Etter endt sesong, skal både unytta løyve og nytta løyve med påteikning for utførte turar, underteiknast og sendast til:

Tilsynsutvalet i Vestland, Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik, evnt. på e-post til: tilsynsutvalet.hordaland@ullensvang.kommune.no

innan 14 dager som grunnlag for statistikk.

Dette vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå det er motteke.Eventuell klage må grunngjevast og skal framsetjast i skriftleg form. Klagen skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til det tilsynsutvalet som har handsama søknaden.

Tilsynsutvalet i Vestland
-for Hardangervidda nasjonalpark, 28.12.2020

Anne Gerd Nysveen /*sign.*
Sekretær